

## Meldalsgrensene for 500 år sidan

---

Denne artikkelen skulle trykkjast i *Årbok for Meldal historielag 2020*, men ved ein feil kom berre første halvta med – og til overmål ein tidlegare versjon av teksten. Her er artikkelen slik han var meint å vera.

---

I 1529 var erkebiskop Olav Engelbrektsson på visitas i Meldalen. Eit oversyn over soknegrensene hadde kome bort, så erkebispnen tok vitnemål frå fem truverdige karar om kvar grensa gjekk. Denne hendinga fortel ein del om korleis samfunnet fungerte den gongen. På slutten av mellomalderen vart det viktigare å ha ting skriftleg, og derfor vende bygdefolket seg til den fremste i landet – for den dansk-norske kongen heldt mest til i Danmark – for å få han til å stadfeste grensene. Dette vart dokumentert i ein tekst som vi kjenner frå seinare avskrifter.

### Den overleverte teksten

I samband med vitnehøyringa vart det truleg sett opp eit offisielt dokument, for innleiinga er typisk for kunngjeringar frå den tida. Samstundes vart saka ført inn i kyrkjeboka. Vi kjenner teksten frå ei avskrift som sorenskrivar Peder Truelssen eller skrivaren hans fekk gjort ikring 1630, og som i sin tur er ei avskrift av grensene som «den forrige sorenskrivaren, Søvren Blaas, haver uddragen av Meldalens kjerkebog». Søren Blaas var sorenskrivar i Orkdalen tidleg på 1600-talet, medan Peder Truelssen sat i 1620-åra fram til han vart avsett i 1633 etter klagar frå allmugen.

Meldalingane sa naturlegvis fram stadnamna på det lokale talemålet sitt. Så vart namna skrivne ned på det danske skriftspråket som var i bruk i Noreg på 1520-talet. Seinare vart teksten skriven av minst to gonger før den 100 år yngre avskrifta vi kjenner. Jamvel om ein tekst vart avskriven ord for ord, var det vanleg å endre skrivemåten av kvart ord etter det avskrivaren var van med. Teksten har altså vore gjennom fleire ledd, med den faren for feil som det fører med seg, og det er tydeleg at mange av namna har vorte forvanska. Det har òg funnest andre avskrifter av teksten, etter det Gerhard Schøning, rektor ved katedralskulen i Trondheim, fortel i boka *Reise giennem en Deel af Norge* (1778). Han nemner fleire skrivemåtar av nokre stadnamn, men moderniserer samstundes språket til si tids dansk.

Teksten er trykt i *Meldal bygdebok* (band 1, s. 153 f.), men utan forklaring. Her følgjer derfor ei nokolunde ordrett omsetjing til nynorsk. Eg har endra såpass lite at teksten framleis gjev eit litt framandt preg, slik den danske språkforma og dei tidvis snirklete formuleringane må ha gjort for folk den gongen. Eg har sett til eit par forklaringar i parentes, medan dei opphavlege skrivemåtane av stadnamna står i klammer for å gje eit inntrykk av vanskane med tolkinga. Desse skrivemåtane er henta frå kjeldeutgåva *Diplomatarium Norvegicum*, same tekst som bygdeboka gjev att, med nokre variantar frå Schøning. Eit par stadnamn som eg ikkje har kunna identifisere eller modernisere, står i kursiv med opphavleg skrivemåte.

Vi, Olav med Guds nåde, erkebisp i Trondheim og pavestolens utsending, gjer kunnig for alle at år etter Guds byrd 1529, laurdagen rett før kyndelsmesse, i Meldal

i vår visitas, kom til oss meinige allmuge og klaga over at dei hadde mista av kyrkjemesseboka eit register på deira markeråer (grenser) mellom to punkt,<sup>1</sup> og bad om at vi ville derfor høyre gamle menns herming etter ordlyden i førnemnde register. Kom da fram 5 heiderlege menn som heitte som heretter følgjer: Halvor Eriksson på Fitjan [*Fytiöm*], Bjørn Jonsson på Mosbrunn [*Myszbrynn*], Bjørn Matsson på Berg [*Bergh*], Olav Josteinsson på Hillstad [*Hyllestadt*] og Tørris på Rikstad [*Rychstadt*], og rekna dei markeråene ord frå ord som heretter følgjer:

Begynte først frå *Hegennycke* [Schøning: *Hakens-viike*], nord for Næve [*neff*], og til Svarthåmmåren [*Suorttehambre*],  
frå Svarthåmmåren og til Finnlykkja [*Fynnelycke*; Schøning har *Furru-vicke*], som er ein holme i Holsjøen [*Hollmssziö*], som ligg med tredelen i Soknedal [*Soffndall*], tredelen i Rennebu [*Renndbu*] og tredelen i Meldal [*Melldall*];  
frå Finnlykkja [*Fynneniuke*] inn i høgste Jorfjellet [*Giordefielltd*],  
frå høgste Jorfjellet og inn i Ramberget [*Ramnebergh*], frå Ramberget og inn i Svarthøtta [*Suartehette*], sydleg for Jølvatnet [*Jullewatnedt*],  
frå Svarthøtta og ut i høgste Raudfjellet [*Rödefielltd*],  
frå Raudfjellet og i Garbergsfjellet [*Giordeberigh Reffill*; Schøning nemner Brattbekken og Snausen mellom desse to punkta],  
frå Garbergsfjellet og i høgste Synshovde [*Synnszhoffde*],  
frå høgste Synshovde og i Slomsegga [*Slumsagh*],  
frå Slomsegga og i Bustadkleiva [*Bustadtkleff*],  
frå Bustadkleiva og i Raudberget [*Roudebergh*],  
frå Raudberget og i Bakkebrua [*Backebrudt*],  
frå Bakkebrua og i *Hynnomur* (??), så når meldalingar 3 notkast ut i Svorksjøen frå *Hynnene* [same som *Hynnomur*] og i *Hogeniuke* [= startpunktet *Hegennycke*] igjen.

## Innhaldet i teksten

Først nemner erkebispem seg med tittel. Dette var den vanlege innleiinga i kunngjeringar. Årstalet var nok opphavleg skriva med romartal, for ingen andre brev eller kunngjeringar frå Olav Engelbrektsson brukar moderne (arabiske) tal, og overføringa frå romartal ser ut til å ha gjeve ei formulering som har vorte mistydd både av Schøning og i bygdeboka. Der er teksten omtala fleire gonger, og det heiter at dette skjedde i 1520. Men da var ikkje Olav Engelbrektsson erkebisp enno, og det er heilt usannsynleg at vitnehøyvinga skjedde da, medan dokumentet som stadfestar hendinga ikkje vart utferda før ni år seinare. Så vi kan slå fast at rett årstal er 1529. Dagen er oppgjeven i høve til næraste helgendag, i dette tilfellet laurdagen før kyndelsmesse, som er 2. februar. Dette var den vanlege måten å dagsette dokument på.

---

1 Uviss omsetjing. Originalteksten har «mellum 2. flecke», kanskje er det ordet «flekk» 'plass, einiskild stad' og viser til opprekning av grensa mellom to og to punkt. Schøning skriv «Siuff fylche» 'sju fylke', truleg med tanke på nabobygdene.

For å bøte på det manglande registeret over soknegrensene høyrde erkebispem fem truverdige karar seie fram korleis grensene var. Når tvistemål skulle gjerast opp og det ikkje fanst skriftleg dokumentasjon, var det vanleg å ta vitnemål frå eldre folk om korleis saka eigentleg stod. Slik vart det gjort her òg, og det var neppe tilfeldig kva for karar som vart plukka ut som pålitelege vitne; dei fem må ha vore framstående menn i bygda. Denne hendinga er nemnd i bygdeboka under dei fem gardane, og mistaket med årstalet går att alle stader. Vi har ikkje mange kjelder til folk tidleg på 1500-talet, men i 1519 skreiv kong Kristian II ut ein formueskatt på 10 %, som derfor har fått namnet tiendpengeskatten – kvar tiande penge skulle betalast. Skattelista for Trøndelag er bevart og er ei viktig kjelde til folk og eigedom ikring 1520, så eg har jamført namna med opplysingane der. Dei stemmer med at dokumentet er nokre år yngre enn skattelista. Lat oss no sjå om vi finn att dei fem karane som vitna:

**Halvor Eriksson på Fitjan:** Erik på Fitjan betalte i alt tilsvarande 7 lodd sølv. Over helvta av dette var «barnepengar», formue forvalta på vegner av umyndige born. (Eg har rekna om ulike einingar til lodd sølv. Dette seier oss ikkje så mykje i dag, men vi kan i alle fall jamføre tala for dei ulike gardane.) Naboen Haldor betalte nesten dobbelt så mykje, men det er naturleg å tru at Halvor Eriksson var son av den Erik som skatta i 1520.

**Bjørn Jonsson på Mosbrunn** betalte i alt tilsvarande 7 lodd sølv. Gardsnamnet er interessant og har vore skrive på mange vis. Truleg er sisteleddet ordet *brunn* 'kjelde', så eg har valt skrivemåten «Mosbrunn» her.

**Bjørn Matsson på Berg** betalte i alt ca. 4,5 lodd sølv


**Olav Josteinsson på Hillstad** finn vi ikkje, men to menn og ei kvinne er nemnde frå Hillstad. Anders, som betalte mest av desse, måtte ut med ikring 5 lodd sølv.

**Tørris på Rikstad** finn vi heller ikkje, men to menn og éi kvinne er nemnde frå Rikstad. Ein Jon er den største skatteytaren med heile 13 lodd sølv.

Dersom Olav på Hillstad og Tørris på Rikstad, som ikkje er nemnde i skattelista, har overteke dei gamle gardane, var desse fem blant dei største skatteytarane i bygda. Likevel ligg Bjørn på Berg berre litt over gjennomsnittet på 3 lodd sølv. Mange betaler meir enn han, så det var tydelegvis ikkje berre økonomisk status som var avgjerande for kven som vart plukka ut.

## Grensene og stadnamna

Sjølve grensetrekkinga skjer frå punkt til punkt rettsøles rundt soknet. I attgjevinga ovanfor har eg sett kvart strekk på ny line for å gjera det meir oversiktleg. Ikkje alle namna kan finnast att på kart i dag. Somme namn kan ha forsvunne, men i andre tilfelle er det rett og slett vanskeleg å vita kva den skriftlege forma tyder. Eit par av namna er skrivne ulikt dei to gongene dei opptrer (størst avvik i *Hegennycke/Hogeniuke/Haakensviike*, *Fynnellycke/Fynneniuke* og *Hynnomur/Hynnenne*), og det viser korleis formene kan ha vorte endra da teksten vart skriven av. Eg har prøvd å identifisere namna og teikne inn grensene. På kartet er den gamle kommunegrensa synleg som ei stipla line i nærleiken av den raude lina, som følgjer opplysingane frå 1529.



Kartgrunnlag: Kartverket.

Startpunktet *Hegennycke* er uklårt, men det er ein stad nord for Næve. Svarthåmmåren ligg rett over på Melhus-sida i Seterdalen. Finnlykkja er ukjend i dag, men har tydelegvis vore namn på ein av holmane i Holsjøen. Namnet kjem mest truleg av at samar (før kalla *finn*, særleg nedsetjande) har halde til der, sjølv om *finn* i norske stadnamn kan ha andre opphav



øg. Schøning har eit heilt anna namn, Furuvika, som for så vidt gjev meining, om det ikkje passar så godt på ein holme. Det er helst holmane i sjøen som har gjeve han namn. Skrivemåten «Hollmssziö» med «m» tyder på det, og *m*-en må ha falle bort i uttalen tidleg, slik han lett kan gjera mellom to andre konsonantar.

Så er namna greie ei stund, og vi ser at grensa gjekk litt lenger opp i elvedalen enn no. Det stadfestar *Aslak Bolts jordebok* frå ikring 1433, der gardane *Jorlia*, *Gorset* og *Ramlo* ligg i Meldalen. Første punkt vest for dalen er Ramberget. Skrivemåten «Ramnebergh» viser at førsteleddet i namnet er fuglen *ramn* (vi kallar han helst *corp* no).

Vidare går grensa til *Svarthøtta*, som no er grensemerke mellom Rennebu og Oppdal. Skrivemåten *-høtta* kanskje uvan for mange, men *hytte/høtte* er veldokumentert som tradisjonell uttale. Ordet *hytte* 'fjelltopp' er ein del bruka i Trollheimen og heng saman med *hytt* 'spiss, ende', men ikkje det nyare lånordet *hytte* 'lite hus'. Som namn på fjelltoppar har *hytte* tidleg vorte blanda saman med *hette*, og denne teksten er det eldste dømet på slik samanking.

Neste punkt, *Raudfjellet*, er òg eit kjent namn i dag, men så kjem vi til «Giordeberigh Reffill». Det må vera eit naturleg referansepunkt mellom Raudfjellet og grensa mot Orkdalen og er truleg eit eldre namn på *Garbergsfjellet*. *Revel* finst som nemning om 'jordrygg, tørr bergnabb' i nokre trøndermål, og det må vera utgangspunktet her òg. Sjølve gardsnamnet *Garberg* kjem truleg av eldre *Gard-berg*. I og med at grensa er trekt direkte frå Raudfjellet til Garbergsfjellet, må rindalspiken inn mot Resfjellet vera av nyare dato.

Det eg i omsetjinga har kalla Synshovde, er ei lita nøtt. Neste namn i lista må vera Slomsegga, så det er tydelegvis snakk om grenseskilet mot Orkdalen i nordvest. Dersom vi reknar med at grensa ikkje har flytta seg mykje, samstundes som eit grenseskil helst burde ha fri sikt til neste punkt om det skulle gjera nytta si, er det to kandidatlar. Den eine er *Gjømshøgda* rett vest for Hostovatnet og like nord for den gamle kommunegrensa. Den andre er *Kåshaugan* halvannen kilometer lenger vest. *-hovde* finn vi i mange stadnamn om ein bergpynt, og *syn* kan rett og slett vise til fritt utsyn. Dette kan passe bra på *Kåshaugan*. Magnar Rise (frå Risan i Hoston, heilt på grensa til Rindalen) fortalde til Oddbjørn Nærvik at *Kåshaugan* tidlegare hadde heitt noko anna, men han kunne ikkje lenger hugse det gamle namnet. Det kan altså vera at *Synshovde* var eit eldre namn på *Kåshaugan*, og at grensa mellom sokna gjekk ørlite lenger nord enn seinare. Men eit argument for *Gjømshøgda* er at *Gimshovde-Kinn* er omtala med dette namnet som grenseskil for Orkdalen i 1648, som Gerhard Schøning gjev att ein annan stad i *Reise giennem en Deel af Norge* (jf. *Orkdalsboka*, band I, s. 27). Der er det òg nemnt fleire punkt på grensa mellom Orkdalen og Meldalen.

Grensa mot Orkdalen og Hølonda har mange oppføringar. Her er terrenget småkupert med få klåre siktepunkt, slik at det trongst fleire punkt enn i vest, der det er høge fjell. Etter Slomsegga er namna anten uklåre eller ukjende i dag. *Bustadkleiva* må vera ei kleiv i utmarka til Bustad, men noko meir sikkert er det vanskeleg å seie. «Brudt» i det neste punktet er nok ein skrivemåte av *bru* og viser til ei bru over Svorka. Så kjem vi til *Svorksjøen* og legg merke til at meldalingane når tre notkast ut i han. Fiskerettar er eit av dei mest tradisjonelle stridstema i Noreg og noko det var viktig å kjenne til. Her ser vi at både delinga av Holsjøen og fiskerett i Svorksjøen er teke med og nemnt i samband med grens-

ene. Svorksjøen har namn etter *Svorka*, som truleg viser til mørk let på vatnet; namnet heng historisk saman med ordet *svart*. Same elvenamnet finst fleire stader i området vårt og er til dømes grunnlaget for *Svorkbygda* i Orkdalen.

Grensa mot Orkdalen er som nemnt ovanfor omtala i litt yngre kjelder. Frå Sloms-egga (må vi rekne med, jamvel om Schøning skriv «Schoms-Eggen») gjekk orkdalsgrensa til *Hamran*, no *Svarthåmmåren*, men det er to toppar der, så fleirtalsforma er logisk nok. Derifrå gjekk ho til *Gravråkkleiva*, som må ha vore ein stad i nærleiken av *Gravråkslåtta* i Bustomarka. Derifrå til *Blokkebrua*, som stør tanken ovanfor om at det har vore ei bru over Svorka. Derifrå til noko som er omtala med to namn, «Beverli- eller Staverli-Hammeren». Det er noko uvisst kva for ein hamar det er, men det må ha vore i nærleiken av Stavelia eller Bøverlia, som kan høve godt. Derifrå går merket til *Langkjøsa*, ei vik i Svorksjøen der grensa mot Hølonda er den dag i dag. Frå Svorksjøen går så meldalsgrensa tilbake til utgangspunktet for runden ein stad nord for Næve.

## Avslutning

Ei slik vitnehøyring fortel om eit samfunn på overgangen frå ein munnleg til ein skriftleg kultur. Det hadde vorte viktig å ha offisielle dokument på grenser og dermed utmarksrettar, men den munnlege vitnehøyringa var god nok til å etablere korleis situasjonen hadde vore, så lenge vitna «svor på bok», som det ofte heiter i liknande samanhengar.

I all hovudsak går grensa omtrent som ho gjorde fram til 2020; Meldal kommune hadde ein del av Holsjøen og Svorksjøen, og framleis ligg Raudfjellet på grensa. Ein viktig skilnad er at grensa mot Rennebu gjekk litt lenger opp i dalen i mellomalderen, slik at dei nedste gardane i dagens Rennebu høyrde til Meldal den gongen. Kor langt tilbake i tid desse grensene går, er vanskeleg å seie. Soknet er naturlegvis ikkje eldre enn kristninga, men dei gamle administrative grensene går tilbake til enda eldre sosiale fellesskap, forma av topografi og ferdselsårer som har styrt kven folk kom i kontakt med. Det er såleis ein utgamal tradisjon som vart broten når Meldal frå 2020 ikkje lenger utgjer noka administrativ eining. Likevel vil vi nok framleis bruke Meldalen som namn på eit område, og vonleg vil folk framleis tenkje på seg sjølve som meldalingar.

## Kjelder

Originaldokumentet er trykt i *Diplomatarium Norvegicum*, band 12, nr. 424; tilgjengeleg på nett: [http://www.dokpro.uio.no/dipl\\_norv/diplom\\_felt.html](http://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/diplom_felt.html)

*Aslak Bolts jordebok*, utgjeven av Jon Gunnar Jørgensen. Oslo, 1997.

Audun Dybdahl, *Tiendpengeskatten som kilde til folk og samfunn ca. 1520*. Trondheim, 2005.

*Meldal bygdebok*, band I–II red. av Olaf Havdal, band III–V ved Nils Lykkja. Meldal kommune, 1956–72.

Arnet Olafsen, *Våre sorenskrivere*, band 1. Oslo, 1940.

Gerhard Schøning, *Reise gjennom en Deel af Norge*. København, 1778.

Anders Skrondal, *Orkdalsboka*, band I. Orkanger, Orkdal og Orkland kommunar, 1958.

Bøkene er digitaliserte og kan søkjast opp på [www.nb.no](http://www.nb.no).